

## Etternamnssystemet i bygd og by på slutten av 1800-talet – ei samanlikning av Hamar, Stange og Romedal

*Av Gulbrand Alhaug*

*The surname system of Norway at the beginning of the 20th century is underresearched. There is, however, some research on surnames in earlier centuries. There is a doctoral dissertation on surnames in the southwestern parts of Norway in the 18th century, as well as a study of 19th century surnames in Fredrikstad in the south east of Norway, based on the 1865 census. The present study compares surnames in the town of Hamar (in eastern Norway) and the neighbouring rural municipalities, Stange and Romedal. The data for the study are taken from the census of 1900. The data consist of surnames from a material of 15 970 surnames – 5390 from Hamar and 10 580 from the two rural communities. The surname system in rural areas is shown to differ greatly from that in the town. The old patronymic system is still used in the countryside. Thus 73,3 % of the women in Romedal have patronymics as opposed to 1,5 % in Hamar. Another difference between town and countryside is the frequency of surnames borrowed from abroad, for instance Bull and Schjelderup. These names represent the majority of the category «Other names» which comprises 5,9 % of the Hamar population as opposed to only 0,4 % of the Romedal population. A somewhat surprising finding is the fact that Hamar has a great many more surnames of the farm name type (39,9 %) as opposed to 21,9 % in Stange and 16,6 % in Romedal. In the town there are naturally very few farms, as opposed to more than 370 farms in Stange and Romedal. The present study suggests an explanation for the unexpected result that the farm name type is so prevalent*

*in Hamar. In the last half of the 19th century the surname system was undergoing a change from the old patronymic system (Anders-sen and Anders-datter, i.e. 'son and daughter of Anders') to a system of permanent surnames. In the period of change, a transitional type for women's surnames arose, viz. a patronymic with the suffix -sen 'son' (not -datter 'daughter'), as in Laura Andersen ('daughter of Anders'). This transitional type is used most frequently in Stange, not unexpectedly as Stange generally can be placed midway between Hamar and Romedal with respect to all name types. One may assume that this is a result of general modernization having come further in Stange than in Romedal. The surname system was also studied from a social perspective, limited to names of daughters of landowner farmer families and to daughters from tenant farmer families. As one might expect, the farm surname type is most common among landowner daughters, while -datter 'daughter' patronymics are dominant in the tenant farmer families.*

## 1 Innleiing

I denne artikkelen vil eg samanlikne etternamnssystemet i Hamar, Stange og Romedal slik det var på slutten av 1800-talet. Ettersom Hamar er ein by, og Stange og Romedal landkommunar, vil denne undersøkinga samtidig innebera ei kontrastering mellom bygd og by (jf. overskrifta).

Det er skrivi forholdsvis lite om etternamna i Noreg, og den mest omfattande undersøkinga gjeld 1700-talet, nærmare bestemt doktoravhandlinga til Gudlaug Nedreliid (1998). Her har ho gjort grundig greie for etternamnssystemet på Sør- og Vestlandet. Som materiale har ho da brukt folketeljninga frå 1801. I dette materialet, som omfattar til saman 47 799 personar, har ho funni 36 852 personar med patronym – og dessutan to kvinner med metronym, begge frå Bergen (Nedreliid 1998a: 285, tabell nr. 62). Til saman utgjør personane med patronym og metronym 77 % av heile materialet.

Materialet mitt (15 970 personar) omfattar atskillig færre personar enn dei som inngår i undersøkinga til Nedreliid. Dette materialet baserer seg på folketeljninga av 1900 (sjå meir detaljert i pkt. 3). Det vil i

nokre tilfelle vera aktuelt å samanlikne resultatane mine med dei frå Nedrelids avhandling, sjølv om det er omtrent 100 år mellom dei to materialtypene (folketeljningane 1801 og 1900). Ei slik samanlikning kan bl.a. seia noko om endringar som har skjedd på desse åra.

Når det gjeld 1800-talet, har Astrid Weel Sannrud (1993) tatt for seg etternamn i Fredrikstad i hovudoppgåva si. Ho baserer seg på folketeljninga av 1865, til saman 4825 personar. Sentrale trekk frå hovudoppgåva har ho deretter presentert i Sannrud 1994a. Dessutan har ho det same året skrivi ein artikkel som er særleg relevant i vår samanheng – om ein spesiell patronymtype som ho kallar «patronymar i overgangsform» – jf. tittelen på artikkelen hennes (Sannrud 1994b). Eit døme på eit slikt overgangspatronym er *Inger Mikalsen*, dotter av Mikal Olsen.<sup>1)</sup> Ut frå det tradisjonelle patronymsystemet burde ho ha heitt *Inger Mikalsdatter*, men i staden for *-datter* har altså *-sen* kommi inn. Slike overgangspatronym vil eg komma meir detaljert inn på i pkt. 6. Eg vil da bl.a. samanlikne resultatane mine frå Hamar med Sannruds frå Fredrikstad.

Dimensjonen by : land har vist seg å vera viktig ved personnamnundersøkingar, t.d. Aarset 1985 (om den nordiske namnerenessansen i siste halvdel av 1800-talet) og Alhaug 2004 (om framveksten av fleirnamnssystemet på 1700-talet). Dette er ikkje overraskande ettersom nye kulturimpulsar heilt allment fekk tidlegare fotfeste i byane enn ute på landet. Også når det gjeld etternamna, har dimensjonen by : land vori viktig. Dette kjem bl.a. fram i doktorgradsavhandlinga til Nedrelid. Såleis viser tabellane 68 og 78 (Nedrelid 1998b) store forskjellar mellom byar (Kristiansand og Bergen) og bygder på Sørlandet og Vestlandet. Mens heile 11 210 kvinner i bygdene (tabell 78) har etterleidd med *-datter* mot berre 6 med *-sen*, er dei tilsvarande tala for Kristiansand og Bergen 7307 med *-datter* mot 1091 med *-sen*. Den nyare utviklinga med overgang til etternamn på *-sen* har altså kommi mye lenger i byen enn på landet. Også i undersøkinga mi av etternamnssystemet på slutten av 1800-talet vil dimensjonen by : land stå sentralt. Eg vil da samanlikne Hamar med dei to landkommunane Stange og Romedal (sjå særleg pkt. 5).

---

1) Eg har her forenkla eit av dei eksempela som Sannrud (1994b: 107) har.

## 2 Terminologi

I denne artikkelen bruker eg *etternamn* som ein overordna term. Eg legg da til grunn denne definisjonen av Olav Veka (2017): «Etternamn er det siste namnet i ei namnerekkje til ein person og kjem etter førenamnet og eit eventuelt mellomnamn, som i *Emma Dahl Thomassen* der *Thomassen* er etternamnet.» Det er forskjellige undergrupper av etternamn, og dei undergruppene som er relevante for denne artikkelen, vil eg kommentere nedafor.

Ei stor gruppe av etternamna går tilbake til gardsnamn t.d. *Granerud*. Nokre av dei har lenger bak opphav i naturnamn, t.d. *Strøm*. Desse etternamna vil eg omtale som namn av *gardsnamntypen*. Viktige grupper er også dei etternamna som endar på *-datter* (*Evensdatter*) og *-sen* (*Evensen*). Så å seia alle etternamna på *-datter* er laga til fornarnmet på faren (primærpatronym), t.d. *Anne Andersdatter* etter faren *Anders*. (Dei fem unntaka vil eg komma nærmare inn på i pkt. 6 – sjå også type 2 i oppstillinga rett nedafor.) Også mange av etternamna på *-sen* er primærpatronym, t.d. *Even Andersen*. Men etternamn på *-sen* kan også vera eit nedarva etternamn frå faren, t.d. Jørgen Olsen, f. 1889 på Hamar, son av Lars Olsen, f. 1846. Dei er da sekundærpatronym. Eg kjem nærmare inn på termbruken etter oppstillinga nedafor.

Dei ulike typane av etternamn på *-sen* og *-datter* i namnekorpuset kan systematiserast slik:

	Namn på barnet	Namn på faren
<b>1. Primærpatronym (laga til farens fornarnmet)</b>		
a. Mannpatronym på <i>-sen</i>	Aksel <u>Evensen</u>	<u>Even</u> Pedersen
b. Kvinnepatronym på <i>-datter</i>	Anne <u>Evensdatter</u>	<u>Even</u> Pedersen
c. Kvinnepatronym på <i>-sen</i> (overgangsform)	Laura <u>Kristiansen</u>	<u>Kristian</u> Paulsen
<b>2. Etternamnet på dottera er laga til farfarens fornarnmet</b>		
Papponym	Maren <u>Mikkelsdatter</u>	Rikard <u>Mikkelsen</u>
<b>3. Sekundærpatronym (begge kjønn)</b>		
	Aksel <u>Evensen</u>	Peder <u>Evensen</u>
	Anne <u>Evensen</u>	Peder <u>Evensen</u>

Det er fleire termar som kan komma på tale for dei ulike typane i denne systematiseringa – sjå t.d. diskusjon i Kousgård Sørensen 1983 og Sannrud 1994b: 103–105. Type 1a og 1b kallar Sørensen *primærpat-*

*ronym*. Denne termen kan stillast opp mot hans term *sekundærpatronym* (type 3 i systematiseringa). I denne typen er det tale om etternamn på *-sen* som opphavleg var av patronymtypen, men som ikkje lenger fungerer som patronym – derfor termen *sekundærpatronym*. Kousgård Sørensen (1983: 143) medgir at lange termar som *primærpatronym* og *sekundærpatronym* «ikke just er elegante». Eg har likevel valt å bruke desse to termane som Kousgård Sørensen har introdusert.

Så å seia alle kvinnenamna på *-datter* (med unntak av den sjeldne type 2) er primærpatronym. Det kan derfor te seg som ei slags overmarkering om eg konsekvent skulle omtala desse kvinnenamna som «primærpatronym på *-datter*». Her bør det etter mitt syn rekke med «patronym på *-datter*».

Felles for namn av patronymtypen er at dei er laga til farens namn (jf. det greske *patro-* i *patronym* som tyder ‘far’). I den sjeldne type 2 er det farens etternamn – nærmare bestemt forleddet i etternamnet – som er utgangspunkt for namnelaginga. Ettersom vi her kan gå ut frå at etternamnet normalt er laga til farfarens fornamn, foreslår eg termen *papponym* for denne namnetypane – jf. gresk *pappos* som tyder ‘farfar’.

Som Sannrud peiker på, kan fornamnet til faren stå i kvinneetternamn på *-sen*, og namnetype 1c i oppstillinga ovafor omtaler Sannrud (1994b: 108) som «kvinnepatronym i overgangsform på *-sen*». I tabell 1 presenterer ho 72 jenter med slike namn. Den andre typen (sjå type 2 – jf. min term *papponym*) omtaler ho som «kvinnepatronym i overgangsform på *-datter*». Tabell 2 hos henne (ibid.: 110) inneheld 13 namn av denne typen. Ordet *overgangsform* hos Sannrud fangar opp eit viktig trekk ved desse to namnetypane, for dei eksisterer i ei overgangstid mellom avvikling av det gamle patronymsystemet og etablering av eit nytt system med faste etternamn (jf. type 3). For å skilje klart mellom dei to overgangstypene har eg valt å bruke termen *papponym* om den marginale type 2, og *overgangsform* om den meir utbreidde type 1c.

Vidare i denne artikkelen vil etternamn av type 1 og 3 stå i fokus. Ein annan sentral type er etternamn av gardsnamntypen (sjå pkt. 4).

### 3 Materiale og korpus

Frå folketeljinga av 1900 har eg brukt materiale frå desse kommunane på austsida av Mjøsa: Hamar, Stange og Romedal (sjå kartskisse). I 1900 var Romedal eigen kommune, men vart slått saman med Stange i 1964 – under namnet *Stange*. Eg har tatt med dei som er fødd til og med 1899 i folketeljinga av 1900. Det er på denne bakgrunnen at eg i artikkeltittelen har formuleringa «på slutten av 1800-talet».

Kartskisse – Hamar, Stange, Romedal



Når eg har tatt med to landkommunar – ikkje berre éin, heng dette saman med at det er grunn til å tru at det gamle patronymsystemet var i ferd med å avviklast tidlegare i Stange enn i Romedal. Dette kjem bl.a. av at gamle Stange kommune – i motsetning til Romedal – var nabokommune til Hamar og dermed meir mottakeleg for nyare impulsar frå byen. I denne samanhengen vil eg også nemne den rolla som jernbanen kan ha spelt. I 1880 vart togsambandet mellom Eidsvoll og Hamar opna, og denne jernbanen går gjennom Stange. Stasjonsbyar som Ottestad, Stange og Tangen voks fram, og slike stasjonsbyar var på mange måtar meir moderne enn omlandet omkring. Frå min eigen oppvekst på ein gard éin kilometer unna Ottestad stasjon kan eg bl.a. hugse at ungane i stasjonsbyen prata meir «byaktig» enn oss på gardane. Ettersom jernbanen førte med seg nye kulturimpulsar, er det grunn til å tru at dette også har medverka til at Stange tidlegare fekk ei omlegging av etternamnssystemet enn Romedal.

Av tabell 1 går det fram at Stange – i motsetning til i dag – hadde fleire innbyggjarar enn Hamar i 1899. Eg baserer meg her på ei utrekning eg har gjort på grunnlag av det digitaliserte folketeljingsmaterialet som eg har brukt i denne undersøkinga. Det er fleire kvinner (8542) enn menn (7821), men den relative fordelinga innafor kvar kommune er nokså lik – jf. t.d. Stange med 39,2 % for kvinner og 39,1 % for menn.

Tabell 1 Innbyggartal i Hamar, Stange og Romedal i 1899

	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Hamar	2966	34,7	2636	33,7	5602	34,2
Stange	3347	39,2	3058	39,1	6405	39,1
Romedal	2229	26,1	2127	27,2	4356	26,6
Totalt	8542	100,0	7821	100,0	16363	100,0

Av fleire grunnar vil det ikkje vera relevant å inkludere i undersøkinga alle dei 16 363 personane som budde i dei tre kommunane i år 1899 (jf. tabell 1). Det dreier seg om til saman 393 personar, og den største gruppa omfattar dei som er fødd i utlandet, til saman 168 personar,



dvs. nesten halvparten av dei som ikkje skal vera med i namnekorpuset. Dette gjeld t.d. Anders Brinch (fødd i Sverige) og Mads Bastrup (fødd i Danmark). Det er dei svenskfødde som dominerer blant innflyttarane frå utlandet – med heile 149 personar mot 19 frå andre land. Det kan synast naturleg at dei som er fødd i utlandet, ikkje skal vera med i eit namnekorpus som skal vise det norske etternamnssystemet på slutten av 1800-talet. Dei har jo fått etternamnet sitt i eit anna land og har haldi på det etter at dei kom til Noreg. Derimot kan det diskutertast kva ein skal gjøra med namn på barn fødd i Noreg i familiar der enten begge foreldra – eller den eine av dei – er frå utlandet. Dette gjeld t.d. Gustav M. Gylstrøm, f. 1890 i Romedal, son av den innvandra svenske skreddaren Magnus Gylstrøm og Lina Kristiansdatter, fødd i Romedal. Her har altså sonen arva det svenske etternamnet. Slike innførte etternamn har vi hatt lenge i Noreg, t.d. *Bull* og *Schjelderup*, som også finst i materialet mitt. I tråd med dette finn eg det rimeleg at også eit namn som *Gylstrøm* skal vera med når vi undersøker etternamnssystemet i Noreg – vel å merke når barn med slike namn er fødd i Noreg. Eg gjør altså ingen forskjell mellom dei som i lengre tid har hatt eit namn av utanlandsk opphav i Noreg, t.d. *Bull*, og dei som har fått det nokså nyleg, t.d. *Gylstrøm*. Eg vil understreke at desse nyinnførte etternamna utgjør ei svært lita gruppe, og dei vil dermed ha liten innverknad på konklusjonane i denne undersøkinga.

Blant barna med svensk bakgrunn fødd i Noreg finst det også 26 namn med endinga *-son*, t.d. Augusta Olson, f. 1894 på Hamar, dotter av Carl Gustav Olson, fødd i Sverige, med kone fødd på Hamar.<sup>2)</sup> Av fleire grunnar representerer desse namna eit problem. Det vil ikkje vera naturleg å plassere desse namna i kategorien «Andre namn» (jf. pkt. 4 om klassifisering), for i denne gruppa er det bl.a. utanlandske namn av slektsnamnstypen, dvs. *Bull*, *Schjelderup*, *Gylstrøm* osv., i tillegg til namn av norsk opphav som ikkje hører til gardsnamntypen. Eit alternativ kunne vera å slå desse svenske *-son*-namna saman med dei norske *-sen*-namna, men heller ikkje det finn eg tilfredsstillande, for som det vil vise seg, er dei norske *-sen*-namna ei nokså ueinsarta gruppe (sjå pkt. 6), og det ville komplisere systematiseringa av desse

---

2) I materialet finst det ikkje døme på *-son* brukt i etternamn på barn med begge foreldra frå Noreg, t.d. *Ole Martinson*.



namna om denne store gruppa også skulle inkludere svenske *-son*-namn. Eg har derfor valt å ikkje ta med dei 26 svenske *-son*-namna i namnekorpuset.

I tillegg til den store gruppa som gjeld personinnførslar for dei som er fødd i utlandet, er det nokre andre personinnførslar som heller ikkje er tatt med i namnekorpuset, bl.a.:

- Etternamnet manglar i originalkjelda, men dei som digitaliserte folketeljinga, har – avhengig av konteksten – fylt ut dei tomme etternamnsfelt for barna med etternamnet til faren, ev. med primærpatronym på grunnlag av fornamnet til faren. Dette er markert med \* bak etternamnet, t.d. *Hildur Saxlund\**, *Olava Anstensen\** og *Karen Helmersdatter\**. Det er til saman 46 belegg på slike innførslar.
- Det manglar fødestad på namneberaren (34 personar).
- Etternamnet står med utydeleg handskrift i folketeljinga, og dette er markert med spørsmålsteikn av dei som digitaliserte materialet, t.d. *Stemre??* (11 personar).

Etter at 393 personinnførslar av ulike grunnar er kutta ut, står eg i tabell 2 att med 15 970 personar av dei opphavlege 16 363 i tabell 1, dvs. 97,6 %.

Tabell 2 Personar som inngår i namnekorpuset

	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Hamar	2852	34,2	2538	33,3	5390	33,8
Stange	3273	39,2	2991	39,2	6264	39,2
Romedal	2217	26,6	2099	27,5	4316	27,0
Totalt	8342	100,0	7628	100,0	15970	100,0

#### 4 Klassifisering av etternamna

Etternamn som går tilbake til gardsnamn, er ein sentral kategori i namnekorpuset. I denne kategorien har eg også inkludert dei svært få be-

legga på etternamn som går tilbake til plassnamn, t.d. *Evenrudeie*. I dei fleste tilfella har klassifiseringa i gardsnamn vori uproblematisk, og som kjelde har eg til vanleg brukt eigedomsopplysningar i folketeljinga av 1900.<sup>3)</sup> Når eg der har funni det aktuelle etternamnet som norsk gardsnamn, har altså namnet vorti klassifisert som etternamn av gardsnamntypen. I enkelte tilfelle kan klassifiseringa vera problematisk, og dette gjeld t.d. etternamnet *Aalborg*. Dette namnet finst som gardsnamn i folketeljinga av 1900, men det kan også ha bakgrunn i det danske bynamnet *Aalborg*. Når konteksten til etternamnet indikerer norsk bakgrunn, har klassifiseringa mi vori etternamn av gardsnamntypen.

Namn som *Aalborg* ligg i ei gråsone mellom etternamn av gardsnamntypen og restgruppa, som eg har kalla «Andre namn», dvs. hovudsakleg innlånte slektsnamn, t.d. *Bull*. Eg vil understreke at det er svært få etternamn som ligg i denne gråsona, og dei omfattar litt over 20 personar. Eg har funni det best å ta bort desse personinnførslane frå namnekorpuset (saman med dei andre innførslane som eg har kommentert i pkt. 3).

Etternamna har eg delt inn i desse hovudkategoriane:

- A. Namn på *-sen*
- B. Namn på *-datter*
- C. Namn av gardsnamntypen
- D. Andre namn

Kategori B omfattar berre kvinnenamn, mens dei andre kategoriane inkluderer både kvinne- og mannsnamn. Som eg har peikt på i pkt. 2, er etternamna på *-sen* og *-datter* ein ueinsarta kategori, og i denne undersøkinga (sjå særleg pkt. 6) vil eg gjøra ei klassifisering som er i samsvar med termoppstillinga i pkt. 2.

I kategori A inngår det også nokre få namn som endar på *-zen* og *-xen* (t.d. *Frantzen* og *Bendixen*). Ved den datamaskinelle systematiseringa av etternamna har eg dessutan passa på at namn som *Vasaasen* og *Skansen* har kommi i rett kategori (gardsnamn) – altså ikkje saman med andre namn på *-sen* (kategori A).

---

3) Også etternamnsleksikonet av Olav Veka (2016) har vori nyttig å bruke, men i det leksikonet finn ein ikkje etternamn som er lite brukt.

## 5 Hovudtypar av etternamn – samanlikning mellom dei tre kommunane

Som eg har gjort greie for i pkt. 2, er det fleire undergrupper av namn på *-sen* og *-datter*, og desse undergruppene vil eg presentere statistikk for i pkt. 6. Her vil eg ta for meg hovudgruppene. Eg vil fyrst presentere ein overordna «kjønnsnøytral» tabell (tabell 3) og deretter kjønns-spesifikke tabellar (tabell 4 og 5). Ein slik overordna tabell er nyttig når ein t.d. skal samanlikne namn av gardsnamntypen i dei tre kommunane. Seinare (i tabell 4 og 5) kan ein så sjå i kva grad resultatet for hovudkategoriane «gardsnamn» og «andre namn» samsvarer med resultatata i dei kjønns-spesifikke tabellane 4 og 5.

På grunn av liten plass i tabellane 3–5 har eg måtta bruke forkortingar i venstre kolonne. «Gardsn.» står for *Gardsnamn* og «*-sen/-dt.*» for *-sen/-datter*.

Tabell 3 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane


	Hamar	%	Stange	%	Romedal	%	Tot.	%
<i>-sen/-dt.</i>	2918	54,2	4822	76,9	3579	83,0	11319	70,8
Gardsn.	2152	39,9	1369	21,9	718	16,6	4239	26,5
Andre	320	5,9	73	1,2	19	0,4	412	2,6
Totalt	5390	100,0	6264	100,0	4316	100,0	15970	100,0

Tabell 3 viser at etternamna på *-sen* og *-datter* er mest brukt i Romedal (83,0 %), litt mindre i Stange (76,9 %) og klart minst i Hamar (54,2 %). Dei kjønns-spesifikke tabellane 4 og 5 er eigna til å få fram fleire nyansar for namna i denne kategorien.

Til tabellane 3–8 i denne artikkelen har eg også presentert resultatata i figurar. Dermed vil forskjellane komma tydelegare fram, men eg gjør merksam på at prosentane for nokre kategoriar er så låge at resultatata knapt er synlege i stolpediagrammet.

Kategorien «gardsnamn» er interessant på den måten at det er Hamar som dominerer her. Det var svært få gardsbruk innafor grensene til gamle Hamar kommune – dette i motsetning til dei mange gar-

dane i Stange og Romedal. For desse to bygdene har eg registrert til saman 375 gardbrukarar i 1900-teljinga. Ut frå dette kunne vi kanskje ha venta fleire personar med etternamn av gardsnamntypen i landbrukskommunane Stange og Romedal, men slik er det altså ikkje, for det er nesten dobbelt så mange slike namn i Hamar (39,9 %) som i Stange (21,9 %), og enda færre er det i Romedal (16,6 %). Forklaringa på dette paradokset er truleg at mange av dei som flytte frå landet og inn til byane, t.d. Hamar, tok i bruk som etternamn namnet på den garden dei kom frå – og dette kunne nok også skje om dei kom frå ein husmannsplass under garden. Som det går fram av denne artikkelen (sjå bl.a. resultatata i tabell 4), hadde avviklinga av patronymsystemet kommi lengst i Hamar. Når bruken av patronym kjentest umoderne for innflyttarane, kunne det også vera eit alternativ til namn av gardsnamntypen å bruke same etternamn som faren. I praksis ville det ofte vera eit etternamn på *-sen*. Det trengst meir forskning for å få klarlagt ulike aspekt ved etternamnsendingar i samband med flytting frå landet til byen.



Figur 1 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane

Eit anna trekk som skil Hamar klart frå dei to landbrukskommunane,


er dominansen for kategorien «Andre namn» – Hamar 5,9 %, Stange, 1,2 % og Romedal 0,4 %. I denne kategorien er det særleg høgstatusmenn i Hamar som skil seg ut (sjå meir i pkt. 7 om namn og sosial klasse).

Eg går så over til dei kjønnsesifikke tabellane. Som eg har nemnt i kommentaren til den overordna tabellen for både kvinne- og mannsnamn (tabell 3), vil vi i dei kjønnsesifikke tabellane (4 og 5) vente omtrent dei same prosenttala for kategoriene «Namn av gardsnamntypen» og «Andre namn». Såleis har 5,9 % av personane i Hamar eit namn av typen «Andre namn» i tabell 3 – mot 5,8 % for menn (tabell 5) og 6,1 % for kvinner (tabell 4). Slike små forskjellar avspeglar tilfeldigheiter, t.d. at det i ein kategori kan vera ei lita overvekt av jenter, ev. gutar, i søskenflokk.

Tabell 4 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane – kvinnenamn

Type	Hamar	%	Stange	%	Romedal	%	Totalt	%
-datter	43	1,5	942	28,8	1625	73,3	2610	31,3
-sen	1558	54,6	1633	49,9	260	11,7	3451	41,4
Gardsn.	1077	37,8	661	20,2	325	14,7	2063	24,7
Andre	174	6,1	37	1,1	7	0,3	218	2,6
Totalt	2852	1000	3273	1000	2217	1000	8342	100,0

Det som er interessant i tabell 4 (sjå også figur 2, som bygger på tabell 4), er dei store forskjellane mellom kommunane når det gjeld namna på *-datter* og *-sen*. Såleis er det berre 1,5 % av kvinnene i Hamar (43 kvinner) som har eit patronym på *-datter* – mot 28,8 % i Stange og heile 73,3 % i Romedal. Og Romedal skil seg også klart ut i kategorien «namn på *-sen*», med berre 11,7 % – mot nokså lik andel i Stange (49,9 %) og Hamar (54,6 %). Korleis kan så ulike resultat forklarast? Eg vil fyrst kommentere patronyma på *-datter*.



Figur 2 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane – kvinnenamn

Også Nedrelid har påvist store forskjellar mellom by og land. Dette gjeld vel å merke 1700-talet, og i på slutten av pkt. 1 har eg vist til tal som er relevante i vår samanheng. Det er særleg verdt å merke seg at prosenten for kvinner med patronym på *-datter* (73,3 %) i Romedal berre ligg litt under det som ho har påvist for patronym i heile undersøkingsområdet sitt på 1700-talet, 77,10 % (Nedrelid 1998a: 290). Eg må da understreke at prosenten hos Nedrelid er utrekna på grunnlag av alle personane i namnekorpuset hennes (kvinner og menn), mens min prosent for Romedal baserer seg på kvinnene i denne kommunen. Det høge prosenttalet for Romedal kan tyde på at det i denne bygda har skjedd lite med etternamnssystemet for kvinner sidan 1700-talet.

I Hamar derimot er det nesten slutt på bruken av patronym på *-datter*. Å la døtrene ha etternamn som *Evensdatter* eller *Pedersdatter* har tydelegvis kjenst umoderne for foreldre i eit bymiljø på slutten av 1800-talet, for i Hamar er det berre to av dei 43 kvinnene med patronym på *-datter* som er fødd i Hamar. Dei fleste av dei 43 kvinnene med slike namn er innflyttarar frå dei nærmaste bygdene omkring Hamar. At det var vanleg å ha patronym på *-datter* i omlandet rundt Hamar, kjem bl.a. fram i den høge prosenten for Romedal (73,3 %). Det er likevel overraskande at det for denne namnetypen er så stor forskjell mellom Romedal og Stange

(berre 28,8 % i Stange). Forklaringa på dette kjem i pkt. 6, der det vil vise seg at Stange – med låg prosent for patronyma på *-datter* – «kompenserer» for dette med svært høg andel av overgangsformer på *-sen*. Vi ser elles at forskjellen mellom desse to kommunane ikkje blir særleg stor når vi i tabell 4 slår saman dei to kategoriane patronym på *-datter* og etternamn på *-sen*: Romedal 85,0 % – Stange 78,7 %.


Kvinnenamna på *-sen* omfattar både sekundærpatronym på *-sen* og overgangsformer med denne endinga, t.d. *Kristiansen* i *Laura Kristiansen*, dotter av Kristian Engebretsen. I Hamar finst det berre 36 døtrer som har overgangsform på *-sen*, mens overgangsformene på *-sen* utgjør ei svært stor gruppe i Stange (sjå meir detaljert i pkt. 6). Ja, i Stange er det berre 3,3 % av døtrene som har eit sekundærpatronym på *-sen*, mens 66,8 % har overgangsform på *-sen* (sjå tabell 6 lenger ut). Dei nokså like resultatata for kvinnenamn på *-sen* i Hamar og Stange i tabell 4 dekker altså over at denne kategorien omfattar to undergrupper med vidt forskjellige resultat i dei to kommunane. I neste punkt vil eg komma nærmare inn på mulege grunnar til at Stange har så mange overgangsformer på *-sen*. Elles er det ikkje uventa at det er så mange kvinner med sekundærpatronym på *-sen* i Hamar. I byane hadde jo omlegginga av etternamnssystemet kommi lenger enn ute på landet, og litt seinare (som følgje av namneloven i 1923) måtte alle ha eit fast etternamn.

Eg går så over til mannsnamna. Til liks med tabell 4 (kvinnenamn) viser resultatata i tabell 5 berre små forskjellar frå tabell 3 (begge kjønn) for kategoriane «gardsnamn» og «andre namn». Dette er i samsvar med det vi skulle vente. Også kategorien «namn på *-sen*» viser same utbreingsmønster som i tabell 3, men her er det verdt å merke seg at denne kategorien i Hamar så å seia berre omfattar sekundærpatronym på *-sen*, ein namnetype som gjør lite av seg både i Romedal og Stange. Dette kan vi slutte oss til ut frå resultatata i tabell 6 lenger ut (namn på døtrer med endingane *-datter* og *-sen*). Denne tabellen viser nemleg at 91,2 % av desse døtrene (fødd på Hamar) har eit sekundærpatronym på *-sen*, og tilsvarende vil vi vente omtrent same prosent på sønene. Det skulle såleis ikkje vera nødvendig å drive «genealogisk dobbeltarbeid» for å komma fram til det same resultatet for sønene. Dei 43 kvinnene med patronym på *-datter* utgjør berre 1,5 % av alle kvinnene i Hamar (sjå tabell 4), og tilsvarende ville vi da vente omtrent same prosent for menn med primærpatronym.



Tabell 5 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane – mannsnamn

Type	Hamar	%	Stange	%	Romedal	%	Totalt	%
-sen	1317	51,9	2247	75,1	1694	80,7	5258	68,9
Gardsn	1075	42,4	708	23,7	393	18,7	2176	28,5
Andre	146	5,8	36	1,2	12	0,6	194	2,5
	2538	100,0	2991	100,0	2099	100,0	7628	100,0



Figur 3 Hovudtypar av etternamn i dei tre kommunane – mannsnamn

## 6 Ulike typar av kvinneetternamn på -sen og -datter

I undersøkinga si frå Fredrikstad har Sannrud (1994b: 110) registrert 13 kvinner i tabell 2 med den spesielle typen namn der etternamnet til dottera er laga til farfarens fornamn (jf. min term *papponym* – type 2 i oppstillinga under pkt. 2). Dottera kan t.d. heite *Maren Mikkelsdatter* og faren *Rikard Mikkelsen*. Denne typen er enda meir marginal i namnekorpuset mitt på 15 970 personar enn i Sannruds Fredrikstad-korpus (4 824 personar), for eg har berre registrert fem jenter med slike namn fødd i Hamar, Stange og Romedal.

- Systrene Olga Hansine Nilsdatter og Agnis Marta Nilsdatter (begge fødd i Hamar, 1892 og 1895) – far Hans Nilsen, fødd i Furnes, busett i Hamar.
- Systrene Magda Mikkelsdatter og Maren Mikkelsdatter (begge fødd i Stange, 1895 og 1897) – far Rikard Mikkelsen, fødd og busett i Stange.
- Elevine Olsdatter (f. 1888 i Romedal) – far Johannes Olsen, fødd og busett i Romedal.

Når Sannrud har fleire jenter med slike papponym frå eit mye mindre namnekorporus, kan dette meir allment tyde på at denne sjeldne namnetypen har gått tilbake frå 1865 til 1900. Ettersom denne typen er heilt marginal, har eg ikkje inkludert den i tabell 6.


Den andre typen av overgangsformer (kvinnenamn på *-sen* – jf. type 1 c i oppstillinga i pkt. 2), må derimot vera med i tabell 6, for denne namnetypen viser seg å vera svært vanleg i Stange (623 jenter i tabell 6). Dette høge talet står da i skarp kontrast til dei 72 jentene som Sannrud (1994b: 108–109, tabell 1) har registrert med slike overgangsformer i Fredrikstad i 1865. I Hamar – med eit høgare innbyggartal i 1900 enn i Fredrikstad i 1865 – er det berre 36 jenter som har denne namnetypen i 1900, og dette kan tyde på at denne namnetypen heilt allment har vori på tilbakegang i byane mot slutten av 1800-talet. Derimot er det vanskeleg å avgjøre om det høge talet for Stange (623 overgangsformer) representerer ein topp for denne namnetypen omkring 1900. Dette kunne klarleggast ved ei samanlikning mellom tidlegare og seinare folketeljingar for denne kommunen, noko eg ikkje har gjort. Eg viser elles til eit avsnitt like nedafor der eg kommenterer den påfallande høge prosenten for overgangsformer i Stange – ikkje berre samanlikna med Hamar, men også med Romedal.

Når vi skal finne ut korleis den statistiske fordelinga er mellom dei ulike typane av kvinnenamn på *-sen* og *-datter* (jf. oppstillinga i pkt. 2), føreset dette at vi går inn i familiar der vi har namneopplysningar om far og døtrer i folketeljinga.

Tabell 6 Ulike typar av namn på *-datter* og *-sen* (tal på døtrer)

	Hamar	%	Stange	%	Romedal	%
Patronym på <i>datter</i>	9	1,8	276	29,6	503	80,6
Overgangsformer på <i>-sen</i>	36	7,0	623	66,8	98	15,7
Sekundærpatronym på <i>-sen</i>	467	91,2	31	3,3	23	3,7
Totalt	512	100,0	930	100,0	624	100,0

Utgangspunktet for tabell 6 er alle personinnførslar som er markert med «d» (= «dotter») i familiekolonnen i folketeljinga. I ein del tilfelle (ca. 100 innførslar) har det ikkje vori muleg å identifisere faren til dottera, noko som bl.a. kan skyldast at dottera er fødd utafor ekteskap. Eg har heller ikkje tatt med dei innførslane (ca. 40) der faren har namn som *Ole Olsen* eller *Anders Andersen*. Her er det ikkje muleg å avgjøre om dottera, t.d. *Laura Olsen*, har fått ei overgangsform på *-sen* (etter fornamnet *Ole* på faren) eller har overtatt etternamnet til faren (*Olsen*).

Figur 4 Ulike typar av namn på *-datter* og *-sen* (tal på døtrer)

Forskjellen mellom by og land kjem klart fram i tabell 6 og figur 4. Patronym på *-datter* finst nesten ikkje på døtrar fødd i Hamar (berre ni døtrar), og der er det også temmeleg få overgangsformer på *-sen* (36) mot 467 døtrar med sekundærpatronym på *-sen*. Dette står da i sterk kontrast til landkommunane der svært få jenter har sekundærpatronym på *-sen*: Stange 31 og Romedal 23. I desse to kommunane er det også sterk dominans – jamført med Hamar – for patronym på *-datter* og overgangsformer på *-sen*. Overgangen frå eit patronymsystem til eit system med faste etternamn har – ikkje uventa – kommi mykje lenger i Hamar enn i dei to landkommunane Stange og Romedal. Denne store forskjellen mellom by og land i etternamnssystemet kan vi nok rekne med er eit allment trekk i Noreg på slutten av 1800-talet

Det er elles interessant å observere den store forskjellen mellom Stange og Romedal for dei to namnetypane patronym på *-datter* og overgangsformer på *-sen*. I begge tilfella er altså etternamnet på dottera laga til fornamnet på faren. Overgangsformene i Stange utgjør 66,8 % av namna mot berre 15,7 % i Romedal. Og omvendt er det 80,6 % patronym på *-datter* i Romedal mot berre 29,6 % i Stange. Eg finn det vanskeleg å forklare denne store forskjellen, og det trengst meir inngåande undersøkingar, t.d. for å få avklart i kva grad det kan ha vori ulik registreringspraksis i dei to kommunane da folketeljinga vart utført. Det kan bl.a. bli aktuelt å granske den originale folketeljinga som ligg til grunn for den digitaliserte versjonen. Ei slik gransking av originalkjeldene – nærmare bestemt av folketeljingane 1801 og 1865 for Fredrikstad – er det gjort greie for i Sannrud 1994c.

Det er elles eit anna påfallande trekk ved registreringspraksisen for nokre personinnførslar – fyrst og fremst i Stange, men også nokre i Romedal: Mens faren står oppført med etternamn av gardsnamntypen, er døtrene registrert med overgangsform på *-sen*, ev. patronym på *-datter*. Dette gjeld 13 fedrar og døtrene deira. (I 11 av dei 13 søskenflokkane var det også gutar – alle 11 med primærpatronym på *-sen*.) Ein slik registreringspraksis – med primærpatronym på barna og namn av gardsnamntypen på fedrane – kan synast merkeleg, særleg i lys av at patronymsystemet var på vikande front på slutten av 1800-talet.

## 7 Etternamn og sosial klasse

Som det går fram av tabell 3, er det forholdsvis få personar som hører inn under restkategorien «Andre namn». Denne kategorien omfattar hovudsakleg slektsnamn innlånt frå utlandet. Som ein kunne vente, viser tabell 3 at desse namna er mest brukt på Hamar (5,9 %) mot 1,2 % i Stange og 0,4 % i Romedal. Ei undersøking av yrkesbakgrunnen til menn i denne kategorien viser at det særleg er dei med høgstatusyrke i Hamar som har slike namn. Når eg avgrensar meg til menn over 30 år i denne kategorien (til saman 57 menn), viser det seg at litt over halvparten har høgstatusyrke, bl.a. skoledirektør Holck, rektor Horn, lærarane Caspari, Hornemann, Jynge, Weisse; legane Harboe, Henie, Lüt-zow; juristane Hvoslef, Meyer, Zeier, Tiro; banksjefane Platou, Borchgrevink, Schiøtz; offiserane Middelfart, Mauer, Michelet, Gedde; ingeniørane Broch, Krefting; apotekar Hall; stasjonsmeister Abell; skogforvaltar Heidenreich. Blant dei få med kategorien «Andre namn» i Stange og Romedal finn vi også menn i høgstatusyrke, t.d. godseigar Wedel-Jarlsberg, sokneprest Gedde og tidlegare skipskaptein Harboe.

Innafor ramma av denne artikkelen ville det føre for langt å gjøra greie for ei sosial inndeling av alle dei 15 970 personane i namnekorpuset basert på yrke. (Barna ville da få sosial plassering i samsvar med yrket til fedrane.) I staden har eg valt å konsentrere meg om to sentrale yrkesgrupper i Stange og Romedal: gardbrukarar og husmenn.<sup>4)</sup> Klasseforskjellen var stor på 1800-talet (sjå t.d. Bjørkvik 1983), og eg vil nå undersøke i kva grad den sosiale forskjellen mellom gardbrukarar og husmenn gav seg utslag i etternamnsbruken.


Fyrst vil eg ta for meg etternamna på dei som er oppført som «hus-fader» (markert med forkortinga «hf» i folketeljinga) blant gardbrukarane og husmennene. Tabell 7, som omfattar til saman 863 menn (375 gardbrukarar og 488 husmenn), viser svært store forskjellar i etternamnsbruken mellom desse to sosiale laga. I denne tabellen kunne eg ha avgrensa meg til totaltala (sjå lengst til høgre i tabellen), men på grunn av dei store forskjellane eg har påvist mellom Stange og Romedal i førre punkt, har eg valt å ta med separate talkolonnar for desse kommunane.

4) I gruppa husmenn har eg også inkludert innerstar. Ein innerst leigde seg inn hos ein husmann eller gardbrukar utan sjølv å leige jord, men han hadde sitt eige hushald.

Tabell 7 Etternamn på husmenn og gardbrukarar i Stange og Romedal

	Stange				Romedal				Totalt			
	husm.	%	gbr.	%	husm.	%	gbr.	%	husm.	%	gbr.	%
Gardsn	5	1,7	136	69,0	21	11,0	90	50,6	26	5,3	226	60,3
-sen	291	98,0	54	27,4	170	89,0	86	48,3	461	94,5	140	37,3
Andre	1	0,3	7	3,6	0	0,0	2	1,1	1	0,2	9	2,4
	297	100,0	197	100,0	191	100,0	178	100,0	488	100,0	375	100,0

Eg begynner med å kommentere resultatane i kolonnane lengst til høgre (samanslått for dei to kommunane). Som vi skulle vente, er etternamn av gardsnamntypen mest vanleg blant gardbrukarar – 60,3 % mot berre 5,3 % for husmennene. Og omvendt er namna på *-sen*<sup>5)</sup> desidert mest brukt blant husmennene – 94,5 % mot 37,3 % for gardbrukarane. Her



Figur 5 Etternamn på husmenn og gardbrukarar i Stange og Romedal

5) Ettersom vi her ikkje har opplysningar om fedrane til desse gardbrukarane, kan vi ikkje skilje mellom dei som har primærpatronym og sekundærpatronym på *-sen-*, men vi kan gå ut frå at dei aller fleste av namna på *-sen* var primærpatronym.

kan *-sen*-prosenten for gardbrukarane synast overraskande høg, men dette kan ha samband med at nokre av gardane var forholdsvis små, særleg dei som låg i den sørlege delen av Stange og Romedal, der også jorda var skinnare. Ei meir detaljert undersøking kunne ha lagt til grunn ei systematisering av gardane i ulike «storleiksgrupper», t.d. basert på kor mange som budde på garden, inklusive arbeidsfolk. Dette gir folketeljinga informasjon om, men innafor ramma av denne artikkelen har eg ikkje gjort det.

I kategorien «Andre namn», som berre omfattar 10 personar, er det ikkje uventa flest gardbrukarar (9). Den einaste husmannen med eit namn av denne typen er Ole Sommer, fødd i Ringebu 1844, busett i Stange.

Når vi så går over til dei separate kolonnane for Stange og Romedal, kjem det fram til dels store forskjellar mellom desse kommunane. Mens berre 27,4 % av gardbrukarane i Stange har eit namn på *-sen*, er den tilsvarende prosent for Romedal 48,3 %, dvs. nesten dobbelt så mye som i Stange. Dette kan bl.a. ha samband med ulik registreringspraksis – jf. kommentaren min i førre punkt.


At det kan ha vori ulik registreringspraksis i dei to kommunane, indikerer også tabell 8 som viser ulike namnetypar på døtrer av gardbrukarar og husmenn i dei to kommunane. Eg har med vilje avgrensa meg til døtrer (til saman 976), for etternamna deira kan – i motsetning til etternamna på sønene – inndelast i fleire grupper (sjå inndelinga i pkt. 2). Dermed kan etternamna på døtrene vera eigna til å vise meir nyanserte resultat enn etternamna på sønene.

Tabell 8 Namn på døtrer i husmanns- og gardbrukarfamiliar

	Stange				Romedal			
	husm.	%	gbr.	%	husm.	%	gbr.	%
Gardsnamn	0	0,0	140	62,8	17	8,7	65	29,5
Primærpatronym på <i>-datter</i>	102	30,2	56	25,1	166	85,1	113	51,4
Overgangsform på <i>-sen</i>	227	67,2	18	8,1	7	3,6	37	16,8
Sekundærpatronym på <i>-sen</i>	7	2,1	1	0,4	5	2,6	5	2,3
Andre	2	0,6	8	3,6	0	0,0	0	0,0
Totalt	338	100,0	223	100,0	195	100,0	220	100,0



I tabell 8 er det den spesielle namnetypen overgangsformer på *-sen* som er interessant med tanke på ulik registreringspraksis i Stange og Romedal. Mens heile 67,2 % av husmannsjentene i Stange har fått slike namn, er den tilsvarende prosenten for husmannsjentene i Romedal berre 3,6 %. Og omvendt er det sterk dominans for patronym på *-datter* for husmannsjentene i Romedal (85,1 %) mot 30,2 % i Stange. Etter mitt syn kan det vera ulik registreringspraksis som er forklaringa til desse store forskjellane mellom husmannsjentene i Stange og Romedal. Det kan t.d. tenkjast at mange av dei som stod for registreringsarbeidet i Stange, «rasjonaliserte» på den måten at dei førte opp same etternamn på begge kjønn i søskenflokk, dvs. etternamn på *-sen*. Dei kan t.d. ha lati det fyrste barnet, ein son, blir oppført med eit *-sen*-namn, t.d. *Pedersen*, og deretter ha laga ei «ditto»-markering for dei resterande barna. Med *-sen*-oppføring ville da jentene ha fått eit etternamn som ville svara til vår kategori «overgangsform på *-sen*», men det er tvilsamt om dette har vori ei medveten kategorisering frå registerføraren si side. Det er nok heller tale om ei «lettvin» oppføring av etternamna, dvs. same etternamn på alle søskena.



Figur 6 Namn på døtrer i husmanns- og gardbrukarfamiliar

Når det gjeld namn av gardsnamntypen i tabell 8, er resultatene svært klare for Stange. Her er det 62,8 % av gardbrukardøtrene som har eit namn av denne typen, mens det ikkje er ei einaste husmannsdotter i Stange som har eit slikt namn. Her er tala for Romedal noko overraskande, for prosentane for gardbrukardøtrene i denne kommunen (29,5 %) ligg langt under den tilsvarende prosenten for Stange (62,8 %).

Denne undersøkinga av etternamn på gardbrukarar og husmenn har i det store og heile gitt resultat som ein kunne vente, men nokre overraskande forskjellar mellom Stange og Romedal kan ha samanheng med ulik registreringsspraksis. Her trengst det meir forskning for å få avklart om det kan vera andre grunnar til forskjellane mellom desse to kommunane.

## 9 Avrunding

Dei fleste resultatene i denne undersøkinga er ikkje overraskande. Det kjem bl.a. klart fram at avviklinga av patronymsystemet har kommi lengst i byen, dvs. Hamar. Såleis er det berre 1,5 % av kvinnene som har eit patronym på *-datter* i denne byen mot heile 73,3 % i Romedal (jf. tabell 4). Og i Hamar er det 91,2 % av døtrene som har eit sekundærpatronym på *-sen* mot berre litt over 3 % både i Stange og Romedal (jf. tabell 6). (Her har eg avgrensa meg til namn på døtrer som ennå bur heime, for å få kontrollert om dei har same etternamn som faren.) Hamar har dessutan klart flest personar (5,9 %) med namn som høyrer til kategorien «Andre» mot 1,2 % i Stange og 0,4 % i Romedal. I denne kategorien er det dei utanlandske slektsnamna som dominerer, t.d. *Hvoslef* og *Meyer*, og det er ikkje overraskande at det finst fleire personar med utanlandsk bakgrunn i ein by enn ute på landet.

Ei resultat som kan karakteriserast som uventa, er at etternamn av gardsnamntypen (jf. tabell 3) er mye meir utbreitt i Hamar (39,9 %) enn i landbrukskommunane Stange (21,9 %) og Romedal (16,6 %). Eg har antyda at dette kan ha samanheng med avviklinga av patronymsystemet: Når innflyttarar frå landet slo seg ned i byen, kjentest patronymtypen gammaldags, og da kunne namnet på den garden dei kom frå, framstå som eit høveleg etternamn. Eg vil likevel understreke at det trengst meir forskning på ulike aspekt ved etternamnsendringar for dei som flytte frå landet til byen.

Dei to nabokommunane Stange og Romedal ligg begge nær Hamar. Det viser seg at Stange i namnesamanheng kan plasserast i ein mellomposisjon mellom Hamar og Romedal, noko som kan forklarast med at moderniseringa av samfunnet har kommi lenger i Stange enn i Romedal, t.d. med framveksten av stasjonsbyar som følgje av jernbansambandet mellom Eidsvoll og Hamar (opna i 1880). Det kjem bl.a. klart fram at avviklinga av patronymsystemet har kommi mye lenger i Stange enn i Romedal. Såleis er det berre 28,8 % av kvinnene i Stange som har patronym på *-datter* mot heile 73,3 % i Romedal. Likevel er det overraskande at forskjellen er så stor, og noko av forklaringa ligg truleg i den spesielle kategorien overgangsformer på *-sen* for kvinner, dvs. etternamn på *-sen* laga til fornarnet til faren, t.d. *Karen Evensen* (dotter av *Even*). Denne kategorien er svært vanleg i Stange. Slike overgangsformer kan sjåast på som eit overgangsstadium i den moderniseringsprosessen som endar med faste etternamn, bl.a. sekundærpatronym på *-sen*.

I eit sosialt perspektiv har eg samanlikna etternamna i gardbrukar- og husmannsfamiliar. Som ein kunne vente, held det gamle patronymsystemet seg best i husmannsfamiliar. I Romedal har såleis 85,1 % av døtrene i husmannsfamiliar patronym på *-datter* mot 51,4 % i gardbrukarfamiliar (jf. tabell 8). Og det er heilt som venta at etternamn av gardsnamntypen er meir vanlege i gardbrukarfamiliar enn i husmannsfamiliar. I Stange har 62,8 % av gardbrukardøtrene eit slikt namn – i skarp kontrast til husmannsfamiliar, der ingen døtrer har eit namn av gardsnamntypen (jf. tabell 8).

Til slutt er det naturleg å stille dette spørsmålet: Kor viktig var det å bruke etternamn på slutten av 1800-talet? I ein by, der folk budde tett på kvarandre, kunne det vera funksjonelt å bruke etternamn, bl.a. for å skilje mellom personar med same fornarn. I meir gråsigrende strøk derimot var fornarnet ofte tilstrekkeleg til å identifisere ein person. I denne samanhengen vil eg vise til skjønnlitteraturen, nærmare bestemt den såkalla landstrykartrilogien av Knut Hamsun med handling lagt til det vesle kystsamfunnet Polden i Nordland rundt 1900. Der er dei fleste personane omtalt med fornarn, t.d. August, Edevart, Pauline og Ester. Men i heilt spesielle samanhengar får vi veta det fullstendige namnet, og ikkje uventa skjer dette i ein offentleg samanheng.

Om Ester får vi t.d. høre dette: «Det var lyst til ekteskap for ungar doktor Karsten Tessesen Lund og piken Ester Teodorsdatter Polden» (Hamsun 1955: 235). Tilsvarende kan vi rekne med at det var temmelig sjeldan at nokon av dei 1625 kvinnene med patronym på *-datter* i Romedal (jf. tabell 4) vart omtalt med heile namnet, t.d. tenestejenta Laura Andreasdatter, fødd 1879 i Romedal. I nærmiljøet var det tilstrekkeleg å kalle henne «hu Laura», men i enkelte offentlege samanhengar, t.d. under ei folketeljing, vart det kravd fullstendig namn. Og i ein slik samanheng hadde nok nedskrivaren større påverknad på kva som skulle noterast ned enn sjølve namneberaren. Det er truleg på den bakgrunnen, dvs. ulik registreringspraksis, at vi bl.a. kan forklare den store forskjellen mellom Stange og Romedal når det gjeld den spesielle kategorien overgangsformer på *-sen* for kvinner. Det vil i det heile vera ei utfordring å få meir kunnskap om registreringspraksisen i folketeljingar – jf. kategorien overgangsformer på *-sen*. I den samanhengen kan ein bruke namnedata frå fleire kommunar enn dei eg har undersøkt her. Det vil også vera aktuelt å ta i bruk den digitaliserte versjonen av folketeljinga frå 1910 for å få innsyn i endringar i etternamnssystemet som har skjedd etter 1900.

## Litteratur og kjelder

- Alhaug, Gulbrand 2004: *Hanne Elise Caroline* – om framveksten av fleirnamnsskikken i Noreg på 1700-talet. *NN* 20/21. 63–94.
- Bjørkvik, Randi 1983: Gardfolk og plassfolk. Ingrid Semmingsen m.fl. (red.): *Norges kulturhistorie. Det gjenfødte Norge*. 41–68. Oslo.
- Folketeljing. 1900. [www.digitalarkivet.no/](http://www.digitalarkivet.no/) [Lest 02.05.2017]
- Hamsun, Knut [1930] 1955: *August*. Oslo.
- Kousgård Sørensen, John 1983: Patronym. Term og begrep. Göran Hallberg m.fl. (red.): *Personnamnsterminologi*. NORNA-rapporter 23. 139–144. Uppsala.
- Nedreld, Gudlaug 1998a: «*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad*» – *Etternamnsskikken på Sør- og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. Band 1 – tekstdel. (Høgskolen i Agder. Forskningsserien nr. 10.) Avdeling for humanistiske fag. Kristiansand.
- Nedreld, Gudlaug 1998b: «*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad*» – *Etternamnsskikken på Sør- og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. Band 2 – materialdel. (Høgskolen i Agder. Forskningsserien nr. 10.) Avdeling for humanistiske fag. Kristiansand.

- Sannrud, Astrid Weel 1993: *Etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre*. Utrykt hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Sannrud, Astrid Weel 1994a: Etternavn i Fredrikstad. *NN* 11. 71–99.
- Sannrud, Astrid Weel 1994b: Patronymer i overgangsform. Kompositumspatronymer som verken er primærpatronym eller sekundærpatronym i Fredrikstad i 1865. *SAS* 12. 103–114.
- Sannrud, Astrid Weel 1994c: En kildekritisk vurdering av navnene i to folketellinger. *NN* 11. 101–112.
- Veka, Olav 2016: *Norsk etternamnleksikon*. 2. utg. Oslo.
- Veka, Olav 2017: Etternamn. *Store norske leksikon*. <https://snl.no/> [Lest 15.08.2017]
- Aarset, Terje 1985: Den nordiske namnerenessansen i bygd og by på Sunnmøre. Sigurd Fries & †Roland Otterbjörk (red.): *Regional och social variation i nordiskt personnamnsskick*. NORNA-rapporter 29. 109–116. Uppsala.